



--

Arkiv saknr:	2016/584
Løpenr.:	2952/2019
Arkivkode:	144

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Lotte Næss

Framlegg til kommunedelplan Rukkemo - Torvetjønn 2019 - 2031 - 1.gongs handsaming

Vedlegg:

- 1 Plankart alternativ 1
- 2 Plankart alternativ 2
- 3 Plankart alternativ 1 med faresoner
- 4 Plankart alternativ 2 med faresoner
- 5 Føresegner
- 6 Planomtale med KU og ROS-analyse
- 7 Samandrag og vurdering av innspel til diskusjonsutkast
- 8 Innspelskart
- 9 Diskusjonsutkast

Dokument i saka:

Gjeldande kommunedelplan Rukkemo - Torvetjønn

Kommunal planstrategi

Plm sak 16/16, 23.11.16, – oppstart av planarbeid

Vinje kommune brev om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram 22.06.17

Kst-sak 17/68, 19.10.17 – vedtak av planprogram

Planprogram

Diskusjonsutkast 25.04.18

Vinje kommune brev med invitasjon til arealinnspel 26.04.18

Mimir AS, Reisemålsutviklingsprosess – Forstudie Rauland m/vedlegg siste versjon 29.05.18

Plm-sak 18/104, 27.06.18 - orientering om planarbeidet

Plm- sak 18/145, 14.11.18 – orientering om arealinnspel og planarbeidet vidare

Innspel ved varsel om oppstart frå offentlege instansar og organisasjonar: sjå Kst-sak 17/68

Merknader til diskusjonsutkast frå instansar, organisasjonar og private mm

- NVE 23.05.18
- Statens vegvesen 24.05.18
- Fylkesmannen i Telemark 31.05.18
- Telemark fylkeskommune 6.6.18
- Rauland hyttevelforening 08.06.18
- Hovdeli Utvikling 29.05.18
- Olav Fundli 01.06.18
- Bjørn Bilberg 01.06.18
- Åsta Kostveit 16.10.18

Innspel til diskusjonsnotat frå grunneigarar og utbyggjarar

- Halvor Lognvik 03.05.18
- Øystein Haugen 25.05.18
- Stein Birger Johnsen 31.05.18
- Knut Lund 19.07.18
- Hans Jørgen Lund 16.08.18
- Ingunn Garvoll 18.08.18

Innspel om konkrete areal

- Halvor Lognvik 19.01.18
- Adv Hesselberg 15.02.18
- Hans Jørgen Lund og Jann T. Lund 22.04.18
- Arne Magnussen og Ingunn Garvoll 25.05.18
- Øystein Haugen 25.05.18
- Geir Magne Tvitekkja 28.05.18
- Ragni Tvitekkja 28.05.18, 20. og 31.01.19
- Bjørn Malkomsen 31.05.18
- Gunn Brårmo Oterkiil 31.05.18
- Odd Skeie 31.05.18
- Tov Svalastog 31.05.18
- Vierli Eiendom og Rauland Skisenter 31.05.18
- Erling Svalastog 31.05. og 31.12.18
- Rauland Invest 01.06.1
- Åsne Svalastog Draugedal 03.01.19

Bakgrunn:

Prosess

Kommunal planstrategi frå 2016 seier kommunedelplan Rukkemo - Torvetjønn skal rullerast i perioden 2017 – 2019.

Plan- og miljøutvalet vedtok å starte opp rullering av kommunedelplanen 23.11.16.

Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt ut 22.06.17. Planprogrammet blei vedteke i kommunestyret 19.10.17.

Vinteren 2017 – 2018 blei det arbeidd med reisemålsutviklingsprosess saman med Mimir AS. Med utgangspunkt i resultatane herfrå blei det utarbeidd eit diskusjonsutkast, med føringar frå prosessen og anna kunnskapsgrunnlag, sjå vedlegg 7. Diskusjonsutkastet blei sendt ut saman med invitasjon til arealinnspele i brev 26.04.18, med frist for innspel 01.06.18. Bakgrunnen for at ein venta med å invitere til arealinnspele var ynskje om eit betre grunnlag for arealinnspele, og å gjere det mogleg å målrette drøftinga og vurderingar av innspela ut frå ein heilskapleg strategi.

Plan- og miljøutvalet har hatt to møte med orientering-/drøfting: 27.6.18 om verkemiddel for gjennomføring og 14.11.18 om arealinnspele.

Det har vore fleire møte med brukarar og grunneigarar i løpet av prosessen

- 24.10.16 infomøte med grunneigarar om planprosessen
- 4.01. og 6.2.17 arbeidsmøte /gruppearbeid m høvesvis hyttevelforeningar, grunneigarar og organisasjonar i samband med forstudie : kartlegging av friluftsliv
- 30.08.17 ope møte om planprogrammet og planprosessen
- 08.11.17 medverknads- og utviklingssamling om "varme" og "kalde" senger
- Oktober- 17 – januar -18 : 4 møte i styringsgruppa for reisemålsutviklingsprosessen
- 09.04.18 diskusjonssamling med gruppearbeid
- 27.8 og 4.9.18 møte med kvar enkelt grunneigar/utbyggjar

Framlegg til ny kommunedelplan ligg no føre, med fleire dokument :

Plankart i to alternativ, plankart med faresoner i to alternativ, føresegner, planomtale og samandrag og vurdering av arealinnspele (vedlegg 1 – 6).

Planframlegget :

Det har kome inn konkrete innspel om utbygging frå 13 grunneigarar. Innspela er vist på kart i vedlegg 8, og refererte og vurderte i vedlegg 7.

Føringar/kriterium som ligg til grunn for vurdering av innspela (vedlegg 7) :

- Regional plan for Hardangervidda
- Terreng – hellingsgrad, områdetets sårbarhet for utbygging/eksponering
- Tregrensa som langsiktig grense mot fjellet, bygging på myr er uheldig
- Kvalitetar som natur, vilt, kultur, landskap
- Friluftsliv : Sikring av løypenettet, stiar, alpinanlegg og turområde
- Er det store utbyggingsreserver på same eigedom, løysast tilkomst på eigen eigedom ?
- Utløyser innspelet behov for nye planfrie kryssingar ?

På bakgrunn av signal frå plan- og miljøutvalet i møte 14.11.18, er det utarbeidd to alternativ. Alternativ 1 fylgjer dei kriteriana som fyrst blei sett. Alternativ 2 svarar på eit ynskje om å sjå på ein meir ekspansiv utbygging for å vidareutvikle dei mest sentrale reiselivsområda. Ein har då lagt til side kriteriet om tregrensa som grense mot fjellet , og erstatta det med ei grense som legg seg under eksponerte høgder. Sjå planomtala pkt. 4 (vedlegg 6)

Ein viktig del av framlegg til kommunedelplan er verkemiddel for gjennomføring.

Framlegget legg opp til ei vidareutvikling av dagens strategi, med aktiv bruk av rekkjefylgjekrav ifht viktig felles teknisk og reiselivsretta infrastruktur. Sjå planomtala pkt. 5 (vedlegg 6), og føresegneres pkt. 2.2 og 2.3 (vedlegg 5).

Areal til næring, inkl. utleige, er sterkt avgrensa samanlikna med gjeldande kommunedelplan. Dei er lagt til kjerneområde for reiselivet – Vierli, hotellet, skisenteret og Holtardalen. Her må ein då vere streng. Dersom område ikkje blir utvikla med det fyrste, bør dei liggje som arealreserve til framtidige næringsinitiativ. Ein legg til grunn at det ligg bra til rette for privat utleige i mange område der det blir bygd fritidsbustader. Sjå planomtala pkt. 7.3 og 7.4 (vedlegg 6).

Utbyggingspotensiale og utbyggingstakt :

Dersom ein ser på berre dei areala der grunneigar har signalisert at dei ynskjer å byggje ut raskt, legg framlegget til rette for utbygging av om lag 840 hyttetomter i alternativ 1 og om lag 1050 hyttetomter i alternativ 2. Med same utbyggingstakt som dei siste åra, 80 hytter/år, kan ein då byggje ut i høvesvis 10 år (alternativ 1) eller 13 år (alternativ 2)¹. Så kjem i tillegg dei areala der grunneigar førebels har signalisert ei meir moderat utbygging. Totalt er det eit utbyggingspotensiale på om lag 1950 hyttetomter i alternativ 1 og om lag 2200 i alternativ 2. Sjå planomtala, pkt 7.1 (vedlegg 6). For å oppretthalde ei stabil utbyggingstakt, vil kommunen ved neste rullering av planstrategien (2024) vurdere å ta ut byggeområde av kommunedelplanen der utbygging ikkje er starta. Sjå planomtala pkt. 5.1.

Planområdet har vore diskutert, mellom anna på bakgrunn av signal frå plan- og miljøutvalet. Utviding av planområdet kunne vore aktuelt dersom ein ville leggje ut nye byggeområde utanfor dagens planområde. Eit utvida planområde kunne òg vist løypenettet på ein god måte. Ein har likevel konkludert med å ikkje rå til å utvide planområdet. Ein bør ikkje leggje til rette for utbygging utanfor dagens kommunedelplan fordi

- Det blir store avstandar i destinasjonen, ein bør heller satse på ein kompakt utbyggingsstruktur.
- Ved utbygging i den retninga går ein inn i eit nytt landskapsrom, som er ope heilt til Kromvikvegen og Falkeriset. Dette er verdifulle turområde, som bør vere mest mogleg utan utbygging.
- Meir hyttefelt lenger nordvest vil føre til auka ferdsel innover i fuglefredingsområde og mot villreinområde.

Dagens grense for kommunedelplanen i nord og vest er òg grensa for reiselivsområdet i regional plan for Hardangervidda. Sjølv om ein ikkje legg til rette for utbygging utanfor dagens grense, kan ei utviding av planområdet bli sett som eit signal. Det kan gjere terskelen lågare for å tillate utbygging ved neste rullering.

Vurdering

Rådmannen rår til å leggje ut både alternativ 1 og alternativ 2. Då vil ein få høyringsuttale til ulike aktuelle moglegheiter.

Prosessen vidare : Planframlegget vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist til sommaren. Det må skipast til ope møte og regionalt planforum i juni. Ein tek sikte på 2.gongs handsaming og kommunestyrevedtak i august/september.

¹ Ein legg til grunn eit gjennomsnitt på 1,6 – 1,9 daa byggeareal pr hytte (eksisterande utbygging/reguleringsplanar) på areal som er regulert, men ikkje bygd på, og nytt areal i ny kommunedelplan.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan Rukkemo – Torvetjønn 2019 – 2031 blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i to alternativ i medhald av pbl § 11 – 14.

Rådmannen, 29.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/